

Eidsborg 26.06.14

Halvor Otterholt
Eidsborgvegen 410a
3891 Høydalsmo
tlf 957 45 092
halvorotterholt@hotmail.com

Svar på høyring om overføring av Espelitjønn og Berglibekken frå gardsnr. 30 br.nr1

Grunneigaren viser til tidlegare innspel som han sendte til Statkraft 01.09.13. Grunneigarane var i hovudsak negative til overføringa og dette var i stor grad fordi dei var uroa for dei miljømessige konsekvensane. Nokre av dei negative sidene som vart tekne opp i skrivet var fylgjande:

- permanente installasjonar på eigedomane (anleggsveg, terskel, inntakskonstruksjon osv).*
- endra straum og vasstand i Espelitjønn vil få konsekvensar for fisket i vatnet og bekken. Det har blitt lagt ned arbeid for kultivering av bestanden.*
- mindre vatn i Espelitjønn og Berglibekken, som vil føre til attgroing, utvikling av sumpområde med mygg og endringar i faunaen.*
- mindre vatn i Berglibekken, som vil gje vanskar med å skaffe drikkeforsyning for husdyr på beite og såleis vil medføre meirutgifter og meirarbeid i samband med dyrehald.*
- terskel og andre installasjonar vil vere skjemmande på landskapet og påverke kvaliteten på rekreasjonstilbodet. Det går ein populær turstig attmed elva og det er eit godt jaktområde då elg, rådyr og hjort drikk i bekken. Det er sett opp bygning til posteringsjakt og det er saltstein i området.*
- området er aktuelt for å bygge hytte, men då er det naudsynt med skikkeleg vassføring i bekken. Slik han er no, kan ein bade og hente drikkevatt der.*
- det er ikkje klart kva for konsekvensar ei utbygging har for det generelle dyrelivet i området. Dette spesielt med tanke på at ei fiskeørn har reir med ungar der kvart år.*

Miljørapporten frå Statkraft har peika på ein del av desse forholda og er grundig på nokre område. Det vi saknar er forståing for at Berglitjønn kjem til å gro att. For nokre år sidan vart utløpet utbetra nettopp fordi tjønna byrja å gro att. Då vassføringa tok seg opp vart attgroinga stogga. Det er difor ingen tvil om at dersom tjønna får eit utløp i nordenden, vil det gro att i sørenden.

Det er dessutan ikkje teke nok omsyn til at to av dei viktigaste turstigane i kommunen går i akkurat dette området. Det er ein kulturstig som går mellom Dalen og Vest-Telemark museum via Rui. Dette er også ein del av ruta som blir nytta på pilgrimsvandring. Installasjonar i bekken og mindre vassføring vil gå utover naturopplevinga for dei som ferdast på stigen og i området. Dette råkar både fastbuande

og turistar, og turistkontoret ved reiselivskonsulent i Tokke Anne Midjås ser med skepsis på slike planar.

Med tanke på framtidig husdyrhald har det mykje å seie for grunneigaren at bekken held god vassføring. Det er lange tradisjonar med husdyrhald i området og det er særst gunstig med tanke på at elva har naturlege "drikkebasseng". Dette var ein viktig ressurs i gamal tid og det vart tatt omsyn til det når ein sette opp grenser. Det er for tida ikkje husdyr på garden min, men allereie på hausten i 2011 var eg i kontakt med skogbrukssjef og landbruksrådgjevar Sverre Bakke i Tokke kommune for å få råd om framtidig drift. Vi snakka om oppgradering av uthus og utmarksbeite og det er i så måte heilt klart at teigen som grenser mot Berglibekken er verdfull sidan det er einaste sikre vassressursen i utmarka på vestsida av eignedomen. Det vil vere eit stort tap for grunneigaren og framtidige generasjonar om denne ressursen går tapt og det er klart at kulturlandskapet vil gro att når det ikkje blir nytta til beite.

Til sist vil eg peike på ei side ved miljøgranskinga som er særst svak. Det er ikkje gjort grundige nok undersøkingar rundt konsekvensane for storauren i Bandak. Dette er som kjent ein unik stamme av nokre av dei største aurne i verda. Stammen har truleg kome opp vassdraget rett etter istida. Berglibekken er eitt av fleire utløp i Tokkeåi der storauren gyter og alle vassdrag som går ut i Tokkeåi er av stor tyding når det gjeld å halde jamn vassføring. Statkraft har ofte for låg vassstand, noko som fører til at rogn vert liggjande å tørke ut. Det fører også til at botndyr og ungfisk blir liggjande, og det blir difor eit dårlegare næringsgrunnlag. I slike periodar er dei få utløpa som går ut i Tokkeåi særst viktige for å halde oppe ei minstevassføring. Det er også truleg at Berglibekken blir bruka til gyting. Dette er eit område ein må forske meir på før ei eventuell utbygging.

Eg har prøvd å sjå på saka i høve til meg sjølv og framtidige generasjonar og i høve til ålmenta. I det store og det heile meiner grunneigaren at i denne saka vinn ein lite kraft i høve til miljøkonsekvensane. Det må vere mykje betre å modernisere eksisterande anlegg før ein byggjer ut meir. Det er dessutan viktig at slike miljøutgreiingar blir føretekte av objektive fagaktørar.

Mvh

Halvor Otterholt